



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Mona Fauskanger, 5557 2203

Vår dato
04.04.2016
Dykkar dato
01.02.2016

Vår referanse
2015/15195 721.0
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Melding om tilskot i 2016 til kommunalt rusarbeid - kapittel 765 post 62

Fylkesmannen viser til søknad av 01.02.16 om tilskot til kommunalt rusarbeid:

Stig inn – aktiv kvardag – eitt årsverk kr. 700 000

Fylkesmannen gir med dette eit tilskot på kr. 700 000 til vidareføring av stilling i arbeids- og aktivitetstilbodet «Stig inn – aktiv kvardag» i Lindås kommune over kapittel 765.62 på statsbudsjettet for 2016.

I følge rapportering for 2015 har Lindås kommune kr. 80 000 i ubrukt tilskot frå 2015. Det blir trekt frå tildelingsbeløpet og utbetaling for 2016 blir kr. 620 000.

På kapittel 765 post 62 har vi kr. 40 867 000 til fordeling. Det er vesentleg mindre enn kva kommunane har søkt om og det er lite rom for tildeling til nye tiltak/stillingar.

Avgjerda om tildeling er ikkje eit enkeltvedtak. Det er ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra for tildeling.

Kommunen har fått tilskot i fleire år. Føremål med tilskotet er å bidra til kapasitetsvekst ved å tilføre midlar til årsverk som på sikt skal finansierast av kommunen. Det er såleis venta at kostnadane til tiltaket blir innlemma i kommunen sitt budsjett. Vi kjenner ikkje til kor mykje midlar vi får til fordeling over denne tilskotsordninga i 2017, men gjer merksam på at tildelinga til enkelte tiltak då kan bli sterkt redusert, eventuelt avslått.

Krav til stadfesting

Tilskotet blir utbetalt når Fylkesmannen har fått tilbake utfylt stadfesting, sjå vedlegg. Ver venleg å fylle ut og sende stadfestinga til fmhpostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Bruk av midlane

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane kan som hovudregel ikkje omdisponerast til andre formål. Dersom midlane ikkje blir brukte etter føresetnadene, skal dei betalast attende til Fylkesmannen, sjå vedlagte tilskotsreglement.

Rapportering

Innan 30.11.16 skal kommunen rapportere til Fylkesmannen i Hordaland om midlar som ikkje blir brukte inneverande år.

Ubrukte midlar

Tilskotet skal brukast dette budsjett- og kalenderåret. Dersom tilskotet ikkje blir brukt fullt ut, kan kommunen:

- Betale midlane tilbake til Fylkesmannen, kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 62 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- Søke Fylkesmannen om overføring av ubrukne midlar i 2016 til bruk i 2017. Føresetnaden for slik godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Vi gjer merksam på at midlar som ikkje er nytta i 2016, blir trekte frå neste års tildeling av tilskot.

Krav til rapportering

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet. Vi gjer særskilt merksam på følgjande:

- Spesifikke krav til rapportering på måloppnåing, jamfør regelverket for tilskotsordninga punkt 11 og punkt 3.
- Spesifikke krav til rekneskapsrapportering med attestasjonar, jamfør regelverket for tilskotsordninga punkt 11.
- Rapportering av årsverk psykisk helsearbeid og kommunalt rusarbeid IS-24/8 for 2016.

Kommunen skal sende årsrapport/sluttrapport og rekneskapsrapport per 31.12.2016 for tiltak som det er gitt tilskot til Fylkesmannen innan 31.3.2017.

Om rekneskapsrapportering

Det skal først separat rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapen for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapen skal vise kva utgifter som er dekte av tilskotet, og skal vere skilt frå rekneskap for egne midlar og/eller midlar frå andre. Rekneskap for tilskot på kr. 100 000 eller meir må vere revisorattestert.

Revisor skal få kopi av dette brevet ved revisjon eller avtalte kontrollhandlinger knytte til dette tilskotet. Rekneskapet skal vere revidert i samsvar med Den norske revisorforenings standard [ISA 805 "Særlege hensyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en rekneskapsoppstilling"](#). Revisorstadfesting av rekneskap skal sendast Fylkesmannen innan 31.3.2017.

Rapportar/resultat frå eventuelle offentlege kontrollar eller tilsyn skal fortløpande sendast til Fylkesmannen.

Kontroll og dokumentasjon

Rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysingar som ligg til grunn for søknaden eller utrekninga av tilskotsbeløp, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet kommunen fekk meldinga om tilskot.

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Ver venleg å skrive vårt saksnummer 2015/15195 på all brevveksling.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Mona Fauskanger
førstekonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Stadfesting
2. Regelverk for tilskot til kommunalt rusarbeid

Kopi til:

Lindås kommune v/Reidun Sæbdal Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ